

måtte kreves i anledning utgivelsen av Stortingstidende, innstillinger, dokumenter og lover. — Denne bemyndigelse anses gitt.

Fra Oslo domprosti er kommet følgende skrivelse:

«Til Stortingets presidentskap.

Høymessen i Oslo Domkirke søndag 3. oktober.

På Oslo biskops og egne vegne har jeg den ære og glede å innby Stortinget til høymesse i Oslo Domkirke søndag 3. oktober kl. 11.

Undertegnede forretter.

Oslo domprosti, 21. september 1971.

Fredrik Knudsen.»

Presidenten skal anmode om at de representanter som ønsker å overvære høymessen, samles i trappehallen i stortingsbygningen søndag 3. oktober kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Møtet hevet kl. 14.05.

#### Møte lørdag den 2. oktober kl. 13.

President: Ingvaldsen.

Åpning av det 116. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

*Hans Majestet Kongens tale til det 116. ordentlige Storting ved dets åpning.*

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Norge vil arbeide for å styrke De Forente Nasjoner som en verdensomfattende fredsskapende organisasjon. Regjeringen vil gå inn for at Folkerepublikken Kina inntar Kinas plass i FN. Det vil bli tatt opp forhandlinger om opprettelse av diplomatiske forbindelser med Nord-Vietnam.

Regjeringen vil støtte tiltak for å avhjelpe nøden i Øst-Pakistan og blant flyktingene i India.

Regjeringen vil holde fast ved den utenriks- og sikkerhetspolitiske hovedlinje som landet hittil har fulgt. Sammen med andre land vil Norge arbeide for å få i stand en europeisk sikkerhetskonferanse.

Regjeringen vil ta aktiv del i arbeidet for å beskytte miljø og natur gjennom utbygging av internasjonale regelverk mot forurensninger. Etter norsk initiativ vil det til høsten bli holdt en internasjonal konferanse i Oslo om tiltak mot forurensninger av havet.

Regjeringen vil legge fram melding til Stortinget om prinsipielle retningslinjer for norsk bistand til utviklingslandene. Spørsmålet om støtte til nasjonale og sosiale folkebevegelser i avhengige områder vil bli tatt opp.

Det vil bli lagt vekt på tiltak som kan fremme handelen med utviklingslandene. Norge vil bidra aktivt på dette område på De Forente Nasjoners tredje konferanse om handel og utvikling våren 1972.

Regjeringen vil arbeide for å bygge ut samarbeidet i Norden. Den vil søke å styrke forbindelsene med de øst-europeiske land.

Norge vil arbeide for å sikre like konkurransevilkår for den internasjonale skipsfart, og vil yte bistand til utbygging av handelsflåten i utviklingsland.

I samsvar med Stortingets vedtak av 17. juni 1971 vil Regjeringen føre forhandlingene om medlemsskap i De Europeiske Fellesskap til en avslutning. Under forhandlingene vil Regjeringen som hittil stå i nær kontakt med Stortingets organer og organisasjonene i arbeids- og næringslivet. Når forhandlingene med EF er avsluttet, vil resultatet bli lagt fram for Stortinget. Etter Stortingets forutsetning vil det som ledd i den videre behandling av saken bli holdt en rådgivende folkeavstemning.

Regjeringens økonomiske politikk vil bli utformet med sikte på å sikre tilfredstillende økonomisk vekst samtidig som natur- og miljøvern hensynene ivaretas. Regjeringen vil legge avgjørende vekt på tryggingen av arbeidsplassene og på å bidra til en mer rettferdig inntekts- og formuesfordeling både mellom sosiale grupper og distrikter.

Regjeringen ser det som meget viktig at vårens inntektsoppgjør blir gjennomført i samsvar med de realøkonomiske muligheter og at de bidrar til større inntektsutjamning.

Prismyndighetene vil føre en aktiv prisovervåking.

Regjeringen vil legge fram melding om lønnskatt. Skatte- og avgiftskontrollen vil bli styrket.

Det vil bli fremmet melding om målsetting og virkemidler i distriktsutbyggingen. Det vil bli tatt nye skritt for å følge opp utbyggingsplanene for Nord-Norge og Vestlandet. Mulighetene for å reise nye statsbedrifter i Nord-Norge vil bli utredet.

Det vil bli foreslått økt støtte til grunnlagsinvesteringer og kommunale utbyggingstiltak.

Regjeringen vil legge fram melding om ilandføring av petroleum fra Ekofisk-feltet, og fremme lovforslag om undersøkelser etter og utvinning av petroleum på land.

Det vil bli lagt fram forslag om en statlig organisasjon for kontinentalsokkelsaker, herunder opprettelse av et statlig oljeselskap.

Regjeringen vil ta opp spørsmålet om krafttilgang til kraftkrevende industri fram til 1980.

Det vil bli lagt fram en plan for videre utvikling av produksjonen ved A/S Norsk Jernverk, og fremmet forslag til ny bergverkslov.

Regjeringen vil utarbeide melding om et finansieringsinstitutt for vekst og omstilling i industrien.

Som ledd i arbeidet med å fremme en rasjonell utnyttelse av fiskebestanden, vil det bli lagt fram forslag til lov om regulering av deltakelsen i fisket.

For å gi muligheter for en bedre kapasitetsutnyttelse og jammere sysselsetting i fiskeindustrien, vil arbeidet med dobbeltfrysingsmetoden bli intensivert.

Regjeringen vil fremme forslag om lov om ferie for fiskere.

Det vil bli lagt fram forslag om ny lov for Statens Fiskarbank.

Det vil bli fremmet forslag om ny konsepsjonslov, ny reindrifftslov og ny fjell-lov.

Regjeringen vil utarbeide en aksjonsplan for samiske bosettingsområder.

Det vil bli lagt fram forslag om permanent avlingsskadetrygd og om revidert hovedavtale for jordbruket. Støtteordningene for jordbruket vil bli vurdert på nytt.

Stortinget vil få melding om erfaringer fra praktiseringen av jordlovgivningen.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for å øke avvirkningen og stimulere bruken av ressursene i skogbruket.

Det vil bli fremmet forslag om omorganisering av Forbrukerrådet, og familie- og forbrukersforskningen vil bli styrket.

Det vil bli lagt fram lovforslag om angrefrist ved forbrukerkjøp, og om markedsmissbruk.

Det vil bli utarbeidet en plan for gjennomføring av 40 timers arbeidsuke.

Regjeringen vil legge fram forslag om endringer i arbeidervernloven i samband med omorganisering og effektivisering av arbeidstilsynet på det lokale plan.

Det vil bli fremmet melding om vernet sysselsetting for yrkesvalghemmede, og vurdert tiltak for å bedre situasjonen for pendlere.

Regjeringen vil legge fram forslag med sikte på økt medbestemmelsesrett for de ansatte i bedriftene.

Det vil bli lagt fram forslag om direkte valg til fylkestinget.

Det vil bli foreslått opprettet et likestillingsråd.

Maktforholdene i samfunnet vil bli gjort til gjenstand for utredning, og det vil bli satt i gang en bred undersøkelse av levevilkårene for grupper med lav inntekt.

Regjeringen vil legge fram forslag om opprettelse av et departement for miljøvernaker.

Det vil bli fremmet forslag om ny finansieringsordning for vann- og kloakkanlegg, og forslag om lov mot forsøpling av naturen.

Planleggingen av områder for friluftsmål og naturvern vil bli påskyndet. Regjeringen vil fremme forslag om verneplan for vassdrag og lovregler om planlegging i fjellet.

Regjeringen vil legge fram melding om boligspørsmål, herunder endring i boligfinansieringen, omlegging av bostøtteordningen og tiltak for bedring av bomiljøene. De eldre og funksjonshemmedes problemer vil i denne sammenheng bli viet særlig oppmerksomhet.

Regjeringen vil legge fram forslag om forenkling av skjønnsordningen og forslag til lov om tomtefeste.

Nortraship-saken vil bli lagt fram for Stortinget i løpet av høsten.

Regjeringen vil legge fram forslag om nedsettelse av pensjonsalderen, og en melding om folketrygdens økonomi. Det vil bli fremmet melding om institusjoner og boliger for eldre.

Refusjon til hjemmesykepleie vil fra 1. januar 1972 bli ytet etter sykehuslovens satser.

Det forberedes lovforslag om helsetjenesten utenfor institusjon. Det offentlige helsestell i fylker og kommuner vil bli styrket. Det vil bli gjennomført tiltak med sikte på å bedre personellsituasjonen innen helse- og sosialsektoren. Det vil bli fremmet melding om den videre utbygging av folketannrøkta.

Det vil bli iverksatt en prøveordning for konsulenttjeneste for funksjonshemmede.

Den forebyggende virksomhet og behandlingmulighetene for unge narkotikamisbrukere vil bli styrket.

Ungdommens stilling i samfunnet vil bli gjort til gjenstand for en bred utredning.

Det vil bli lagt fram forslag om styrking av legemiddelkontrollen og legemiddelinformasjonen.

Innenfor samferdselen vil det bli satt i gang et omfattende utredningsarbeid, bl. a. gjelder det en samferdselsplan for hele landet, vegplan for byer og tettsteder, og nærtrafikkproblemene i flere større byer.

Det vil bli lagt fram ny langtidsplan for Norges Statsbaner.

Arbeidet med å øke trafikksikkerheten er en viktig samfunnsoppgave, og det vil bli satt i verk ytterligere tiltak på dette området.

Stedsvalg for ny hovedflyplass for Oslo-området vil bli ferdigbehandlet.

Det vil bli fremmet forslag om bygging av flyplass på Svalbard.

Det vil bli lagt fram melding om den videre utbygging av postgymnasial utdanning.

Det vil bli fremmet forslag til lov for en felles videregående skole, og forslag med sikte på en integrering av funksjonshemmede i det ordinære skoleverk.

Det vil bli foreslått satt i gang musikkutdanning på høghskolenivå fra høsten 1972.

Regjeringen vil legge fram melding om utbyggingen av kulturaktivitetene i årene framover. Det vil bli fremmet forslag om nye tilskottsordninger til museumsvirksomheten og teatrene.

Det vil bli foreslått at det opprettes et senter for voksenpedagogisk forskning.

Behovsprøven for lån i Statens lånekasse for utdanning vil bli foreslått opphevet for søkere over 20 år, og gjeldende ordning med forsørgerstønad for ungdom i videregående utdanning foreslås avløst av en ordning med grunnstipend.

Forsvarets virksomhet vil i kommende periode bygge på hovedretningslinjene for årene 1969—73.

Det vil bli fremmet forslag om bedrede økonomiske ytelser og andre trivselfremmende tiltak for soldatene.

Det vil bli lagt fram en tilleggs melding om tillitsmannsordningen og en melding om retningslinjer for politisk virksomhet i Forsvaret.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 116. ordentlige Storting åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om*

*Noregs rikes tilstand og styring i tida*

*etter siste melding,*

lesen av statsråd Fostervoll:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding:

Noreg har gjennom Dei sameinte nasjonane og gjennom eit breiast mogeleg internasjonalt samarbeid elles gått aktivt inn for å yte eit tilskott til avspenning og fred og for å fremme internasjonal økonomisk og sosial rettferd.

Noreg byggjer framleis på medlemskapen i Atlanterhavsorganisasjonen for å verne om tryggleiken til landet. Ein arbeider med å klarleggje dei forsvarsoppgåvene som alliansen står framfor i 1970-åra.

Regjeringa har arbeidd aktivt innanfor NATO og gjennom bilaterale kontaktar med medlemslanda i Warszawapakta og dei nøytrale statane i Europa for å få i stand ein

konferanse om tryggleik og samarbeid, som kan hjelpe til å fremme ei varig avspenning i Europa. På same måten tek ein frå norsk side del i konsultasjonane i NATO med sikte på å få i gang tingingar om gjensidige reduksjonar av dei militære styrkane i Europa.

Det har òg vore lagt vekt på å byggje ut samarbeidet på det praktiske plan med landa i Aust-Europa. Det er gjort ein ny langsiktig handelsavtale med Sovjetunionen. Vidare er det teke opp tingingar om ein konsularavtale og gjort framlegg om bl. a. ein skipsfartsavtale med Sovjetunionen.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet for nedrustning og rustningskontroll både i FN's organ og i NATO. Noreg var blant dei første landa som ratifiserte traktaten om forbod mot å plassere masseøydeleggingsvåpen på havbotnen. Denne traktaten er eit viktig ledd i arbeidet for å sikre havbotnen for fredeleg utnytting. Regjeringa står aktivt arbeidet for å forby alle former for bruk, produksjon og lagring av biologiske og kjemiske våpen. Når det deteksjonsseismologiske anlegget NOR-SAR kjem i full drift i haust, vil Noreg kunne yte eit verdfullt tilskott til arbeidet med å leggje til rette føresetnadene for fullstendig stans i prøvene med kjernefysiske våpen.

Frå norsk side har ein vore aktivt med i arbeidet med å førebu ein ny internasjonal konferanse om folkeretten for havet. Ikkje minst har ein prøvd å medverke til å få vedteke reglar for fredeleg utnytting av havbotnen.

Regjeringa har gjeve full stønad til det humanitære hjelpearbeidet Dei sameinte nasjonane driv for folk som lid naud i Aust-Pakistan, og for flyktingar derifrå, med statlege tilskott på hittil ca. 18,5 mill. kroner. Det har vore lagt vekt på å styrkje FN's evne til å yte humanitær hjelp i katastrofesituasjonar.

Også frå norsk side har ein teke aktivt del i arbeidet med å tryggje det økonomiske grunnlaget for FN's organisasjon for hjelp til Palestina-flyktingane (UNRWA).

Det har vidare frå norsk side vore vist positiv vilje til å samarbeide med dei som i Dei sameinte nasjonane arbeider for frigjering av kolonifolka i det sørlege Afrika. På bakgrunn av eit samrøystes stortingsvedtak tok Noreg også opp spørsmålet om Portugals kolonipolitikk på utanriksministermøtet i NATO i juni i år.

Den 25. hovudforsamlinga i Dei sameinte nasjonane vedtok hausten 1970 eit handlingsprogram for FN's andre utviklingsår. Noreg slutta seg utan reservasjonar til vedtaket, som fastset konkrete mål og virkemiddel på ulike område av samarbeidet mellom utvik-

1971. 2. okt. — Åpning av det 116. ordentlige Storting.

(Statsråd Fostervoll)

lingsland og den industrielt utvikla delen av verda i syttiåra.

Dei norske ytingane til utviklingshjelp, medrekna humanitær hjelp, var i fjor på 263 mill. kroner. Det vil seie ein auke frå året før på nær 27 prosent, og dei svara til 0,33 prosent av bruttonasjonalproduktet. I år er løyvingane auka til ca. 359 mill. kroner, ein auke på om lag 33 prosent, slik at dei offentlege overføringane til utviklingsland no representerer 0,40 prosent av bruttonasjonalproduktet.

Regjeringa tek framleis sikte på å fordele løyvingane med om lag ein halvpart til fleirsidig og ein halvpart til tosidig verksemd. På grunn av tilleggs-løyvingar til Verdas matvareprogram og uventa forseinkingar av visse prosjekt vart fordelinga i 1970 61 prosent til fleirsidig og 39 prosent til tosidig verksemd.

Dei tosidige ytingane har framleis vore konsentrerte om hovudmottakarlanda i Aust-Afrika (Kenya, Tanzania og Uganda), Zambia og om India og Pakistan. Etter uroa i Pakistan har hjelpeverksemda vår der lege nede. Regjeringa prøver å utvide norsk fagleg hjelpeverksemd på sjøtransportområdet, herunder hamneutbygging og kystfart også utanfor dei noverande hovudhjelpeområda. Den tosidige finansielle hjelpa har for det meste vore gjeven som gåver.

Storparten av løyvingane til fleirsidige tiltak gjekk i 1970 til FNs utviklingsprogram (UNDP), Verdas matvareprogram, Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) og dei regionale utviklingsbankane i Asia og Latin-Amerika.

Regjeringa tek framleis sikte på å nytte om lag 10 prosent av dei samla offentlege løyvingane til utviklingshjelp til familieplanleggingsformål innanfor ramma av eit utvida familieplanleggingsomgrep og fordelt på fleirsidig og tosidig verksemd.

Noreg har teke aktivt del i tingingar i OECDs hjelpekomite (DAC) om ein avtale om å oppheve binding av finansiell hjelp til leveransar frå långjeverlandet.

På bakgrunn av den storleik dei offentlege løyvingane til utviklingshjelp etter kvart har komme opp i, legg Regjeringa vekt på at administrasjonen er tilstrekkeleg utbygd til å sikre den politiske leiinga av verksemda på dette området og ønskjeleg medverknad og innverknad i dei internasjonale organa som er hovudmottakarar for om lag halvparten av løyvingane.

Ved utgangen av 1971 går Noreg ut av FNs økonomiske og sosiale råd etter ein medlemsperiode på tre år. Noreg har arbeidd aktivt for

å styrkje den rolle rådet spelar i det internasjonale samarbeidet, slik at det kan få det ansvar rådet er tillagt etter FN-pakta.

Noreg har ratifisert den nordiske kulturtraktaten og den reviderte nordiske samarbeidsavtalen. Avtalane tek sikte på å styrkje og byggje vidare ut det institusjonelle grunnlaget for samarbeidet i Norden, bl. a. ved å skipe eit nordisk ministerråd.

Noreg har halde fram med tingingane om medlemskap i Dei europeiske fellesskapa. Regjeringa har lagt fram sine synspunkt på alle forhandlingsspørsmåla. Ei rekkje forhandlingstema er alt avklara. Men det står att å komme fram til løysingar av hovudspørsmål som fiskeri og jordbruk. Ein ventar at tingingane skal vere avslutta innan utgangen av 1971. Så snart forhandlingsresultatet er kjent, vil det bli lagt fram for Stortinget.

Arbeidet med å gje allsidig informasjon i Noreg om Dei europeiske fellesskapa er organisert gjennom Utanriksdepartementet. Ein serie opplysningshefte er under utgjeving.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale skipsfartspolitiske samarbeidet for å hindre nye restriksjonar mot fri internasjonal skipsfart. Regjeringa har i denne samanhengen gjeve stønad til oppbygginga av ein handelsflåte i utviklingsland.

Noreg er aktivt med i det internasjonale samarbeidet for å kjempe mot ureining. Dette gjeld både innanfor ramma av FN og på regionalt plan. I samråd med dei andre nordiske landa har Noreg bede inn til ein internasjonal konferanse i Oslo med sikte på å få i stand ein avtale mot dumping av skadeleg avfall i internasjonalt farvatn. Drøftingane om ureininga av Iddefjorden held fram mellom dei norsk-svenske delegasjonane som er oppnemnde for dette formålet.

Dei norsk-svenske tingingane om ein ny reinbeitekonvensjon er no slutførte. Det konvensjonsutkastet ein har komme fram til, byggjer i hovudsaka på tilrådinga frå den norsk-svenske reinbeitekommissjonen av 1964.

Stortinget har vedteke å gje Regjeringa fullmakt til å setje i verk det generelle tollpreferansesystemet til bate for eksport frå utviklingslanda. Systemet vart sett i verk den 1. oktober. Preferanseordninga skal førebels gjelde for eit tidsrom av ti år. Med dette er det viktigaste vedtalet frå UNCTAD II i New Delhi i 1968 sett ut i livet.

I EFTA tek Noreg del i studiet av vilkåra for å halde oppe frihandelen mellom EFTALanda dersom eitt eller fleire av dei skulle bli medlem av EF. Noreg har ratifisert konvensjonen om gjensidig godkjenning av inspek-

sjon av produksjon av farmasøytiske produkt. For Noregs vedkommende vart konvensjonen sett i verk 26. mai 1971. Vidare har Noreg slutta seg til to ordningar om gjensidig godkjenning av inspeksjon og prøving, nemleg for produksjon av trykkbeholdarar og av ymse skipsutstyr. Ordningane tok til å gjelde 1. januar.

Noreg var med på FN's kveitekonferanse, der ein vart samde om ein ny internasjonal kveiteavtale gjeldande for tre år frå 1. juli 1971. Denne avtalen inneheld ein konvensjon om kveitehandelen og ein konvensjon om matvarehjelp.

Stortinget har vedteke å fordoble tilskotta til Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) i den kommande treårsperioden.

Stortinget har vedteke å endre føresegnene om statsgaranti ved eksport, om statsgaranti på særlege vilkår ved eksport til utviklingsland og om statsgaranti ved investeringar i utviklingsland. Endringane fører med seg ei utviding av ramma for statens garantiansvar i samband med vanlege eksportkredittgarantiar frå 2 000 mill. kroner til 3 000 mill. kroner, og ei forlenging av den tida garantifullmaktene skal gjelde til 30. juni 1974.

Forsvaret har arbeidd etter dei hovudretningslinjene som er dregne opp i langtidsplanen for perioden 1969—73. Ei omfattande omorganisering er gjennomført. Ein felles overkommando er etablert og flytta saman med Forsvarsdepartementet til nytt kontorbygg på Huseby ved Oslo. Felleskommandoar — for Nord-Noreg og Sør-Noreg — vart formelt etablerte 1. september i år.

I samarbeid med dei andre nordiske landa har Noreg gjennomført eit stabsseminar for FN-personell, med sikte på å utdanne rådgjevarar og stabsmedarbeidarar til FN's fredsvernande operasjonar. FN-bataljonen har også siste året hatt repetisjonsøvingar.

Forsvaret har fått nytt og kostbart materiell etter langtidsplanen. Hæren har fått nye stridsvogner og nytt beltedrive artilleri og Sjøforsvaret ein del nye torpedobåtar. Penguinrakettar som er utvikla og produserte i Noreg, er under montering på ei rekkje fartøy. Heimevernet har fått ein god del nye handvåpen.

Ein har prøvd å effektivisere tillitsmannsordninga, og det er sett i verk visse økonomiske og sosiale tiltak for å betre tilhøva for dei utskrivne mannskapa.

Kontraktsforhandlingane om tinging av ti langtrekkande helikopter til bruk i bergingstenesta vart avslutta i 1970. Med samtykke av Stortinget vart det i 1970 tinga ti helikopter som skal leverast i 1972.

Politiet har styrkt trafikkovervakinga som eit ledd i arbeidet for større trafikktryggleik.

I dette arbeidet har ein lagt særleg vekt på å skjerpe fartskontrollen. Ein har prøvd å auke mannskapsstyrken ved å ta opp ein god del fleire politiaspirantar enn i tidlegare år.

Folkemengda var 3 914 000 pr. 1. oktober 1971, dvs. 0,7 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden hittil i år har vore om lag like stram som i same tidsrom i fjor. Det ligg ikkje føre pålitelege oppgaver over sysselsetjingsutviklinga, men dei oppgavene ein har, tyder på at det også i år har vore sterk vekst i sysselsetjinga av lønns-takarar. Den registrerte arbeidsløysa var rekordlåg i 1. kvartal, men i 2. kvartal var ho om lag som i 1970, da talet òg var svært lågt, og i juli og august litt høgare. Talet på personar som vart råka av driftsinnskrenkingar, var i 1. kvartal noko større enn i fjor, men i 2. kvartal noko mindre.

Ved utgangen av januar 1971 — det er siste månaden ein har pålitelege oppgaver over sysselsetjinga for — var det om lag 38 700 fleire lønns-takarar i arbeid enn eitt år før. Auken i absolutte tal var da om lag like stor for menn som for kvinner, men prosentvis mykje større for kvinner. Veksten i sysselsetjinga av lønns-takarar fall på industrien og ei rekkje tenesteytande næringer.

Den registrerte arbeidsløysa var i 1. halvår gjennomsnittleg 12 600 eller 0,8 prosent av arbeidsstyrken, mot 14 200 og 1,0 prosent i 1. halvår 1970. Ved utgangen av august var det registrert 8 200 arbeidslause, eller 700 fleire enn i august i fjor.

I 1. halvår i år vart i alt 87 bedrifter og 3 328 personar råka av driftsinnskrenkingar registrerte ved arbeidsformidlinga, mot 66 bedrifter og 3 014 personar i same tidsrom i fjor. Driftsinnskrenkingane i år råka særleg treforedlingsindustri, kledevarerindustri, jord- og steinvarerindustri og varehandel, og galdt i første rekkje Møre og Romsdal, Telemark, Buskerud, Nord-Trøndelag og Aust-Agder.

I dei sju første månadene av 1971 fekk 9 800 utlendingar arbeidsløyve, eller 2 400 fleire enn i same tidsrom i fjor.

Den samla produksjonen av varer og tenester var etter førebels utrekningar 7,0 prosent større i 1. halvår i år enn i 1. halvår i fjor. Held ein sjøfarten utanfor, var auken frå 1. halvår i fjor 6,4 prosent.

Førebels oppgaver over varebyttet med utlandet (rekna utan skip) viser at verdien av innførsla i dei åtte første månadene av 1971 var 16,0 milliardar kroner, eller om lag 1,25 milliardar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførsla gjekk i same perioden opp med om lag 700 mill. kroner til 10,5 milliardar kroner.

I januar—juli 1970 var det ei nettoinnførsle

av skip på 218 mill. kroner, i same tidsrom i 1971 var det ei nettointnførsle på 1363 mill. kroner.

Rekna utan skip auka innførsla med 3 prosent i volum, medan utførslevolumet steig med 1 prosent frå januar—juli i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same perioden opp med 7,3 prosent og på utførte varer med 7,6 prosent.

I dei sju første månadene av året var nettovalutafraktene av norske skip i utanriksfart 4 600 mill. kroner, eller 600 mill. kroner meir enn i same periode i fjor. Det var i januar—juli i år eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 1 430 mill. kroner, mot 270 mill. kroner i dei sju første månadene av 1970. Underskottet på driftsrekneskapen i januar—juli 1971 vart dekt av ei netto langsiktig opplåning på 1 152 mill. kroner, ei netto kortsiktig opplåning på 45 mill. kroner og ei tildeling av spesielle trekkrettar i Det internasjonale valutafondet og endringar i valutakursar m.m. på til saman 233 mill. kroner.

For jordbruket var vekstvilkåra sommaren 1971 gode i storparten av landet, og alt i alt reknar ein med gode avlingar i jord- og hagebruk. Samla husdyrproduksjon reknar ein vil ligge på same nivå som året før.

I skogbruket vart det avverka 7,6 mill. m<sup>3</sup> til sal og industriell produksjon i driftsåret 1969—70. Førebels oppgåver for driftsåret 1970—71 viser ein auke i avverkninga på 8 prosent frå førre driftsåret.

Utbytet av fisket var i 1. halvår 1971 om lag 1,9 mill. tonn mot om lag 1,5 mill. tonn i same perioden i 1970. Førstehandsverdien i 1. halvår 1971 var om lag 900 mill. kroner, som er om lag 300 mill. kroner meir enn i same tidsrom i fjor. Auken i fangstmengda kjem først og fremst av rekordfiske på lodde, auka fangstkvantum av makrell og eit godt utbyte av skreifisaket. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt auka frå 947 mill. kroner i 1. halvår 1970 til 1 134 mill. kroner i 1. halvår 1971.

Eitt norsk flytande kokeri har drive kvalfangst i det sørlege Atlanterhavet nord for 40° sørleg breidd.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene av 1971 vel 4 prosent større enn i same periode i 1970. Auken i produksjonen var 10 prosent for bergverksdrift, 4 prosent for industri og 9 prosent for kraft, forsyning, sett i høve til januar—juli i fjor.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1970 auka eksportvareproduksjonen med 4 prosent, konsumvareproduksjonen med 2 prosent, investeringsvareproduksjonen med 6 prosent, produksjonen av varer til bygg og anlegg

5 prosent og produksjonen av vareinnsatsvarer elles med 3 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1970 var 57,2 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1971 var produksjonen 36,1 milliardar kWh, mot 33,1 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga var hausten 1971 ein god mon betre enn på same tid i fjor. Også i år har det vore ei sterk utbygging av overførings- og samkjøringslinjer.

Byggjeverksemda har auka noko i år òg. Ved måndasskiftet juli/august var det i alt om lag 1,5 prosent større areal under arbeid enn eitt år tidlegare. Areal sett i arbeid var nær 5 prosent større og areal teke i bruk var vel 8 prosent større enn i 1970. Det meste av auken gjeld bustadbygging. I dei første sju månadene av 1971 vart det sett i arbeid 22 044 og fullført 21 471 husvære. Ved måndasskiftet juli/august var det i arbeid 36 884 husvære. Samanlikna med 1970 er dette ein auke på 14 prosent i igangsetjing, bortimot 5 prosent i fullføring og 7 prosent i husvære under arbeid.

For andre bygg under eitt har det i dei sju første månadene vore ein nedgang i igangsetjing på 6 prosent og i areal under arbeid på 4 prosent. Fullføringa har i same tidsrom vore 12 prosent større enn i fjor.

Handelsflåten auka med 1 078 000 bruttotonn i første halvdel av 1971, og var på 20,8 mill. bruttotonn ved utgangen av juni i år. Tanktonnasjen auka i første halvåret med 430 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 7,8 mill. bruttotonn. Dette var ein auke på 1,6 mill. bruttotonn frå same tid i fjor.

Både for tørrlastskip og for tankskip var fraktratene på verdsmarknaden gjennomgåande lågare i første halvår 1971 enn i same periode året før. Turfraktene for tørrlastskip låg 23 prosent lågare enn i same periode i fjor, tidsfraktene 2 prosent høgare, medan turfraktene for tankskip viste ein nedgang på om lag 7 prosent frå første halvår 1970. Men desse tala gjev ikkje eit fullstendig bilete av fraktutviklinga. Stiginga i fraktratene i 1970 slo utpå hausten om i sterk nedgang, særleg for tankfraktene; turfraktindeksen for tankfart fall frå 286 i oktober 1970 til 81 i august 1971.

Ved utgangen av august låg 21 tørrlastskip på til saman 138 000 bruttotonn og 3 tankskip på til saman 17 000 bruttotonn i opplag.

Trafikken innanlands veks, og det er særleg sterk stigning i vegtransport og lufttransport.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen

av 1970 på 72 300 kilometer. Om lag 21 700 kilometer offentlig veg har fast dekke eller oljegrus. Av riksvegnettet kan 81 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på opptil 7 tonn, og på 74 prosent av riksvegane er 8 tonn akseltrykk tillate. Nye ferjer og ferjesamband og forsterking av bruar på hovudrutene hjelper til å knyte vegnettet betre saman.

Ved utgangen av 1970 var bilparken på vel 900 000 kjøretøy. Dette er ein auke på vel 6 prosent frå året før. Bilparken har auka med 50 prosent dei siste fem åra. Den sterke auken i talet på tunge lastebilar held fram.

Vegtrafikken auka med 8—9 prosent frå 1969 til 1970. Det svarar til den gjennomsnittlege årlege trafikkauken sidan 1965.

Ferjetrafikken blir driven med om lag 220 fartøy med ein samla kapasitet på ca. 4 400 personbiplassar.

Godstransporten med kyst- og lokalruter stig moderat. Moderne godshandteringsmetodar har likevel gjort det mogeleg å drive rutene med færre skip enn tidlegare.

Statsbanane transporterte i fjor 29 mill. personar, om lag same talet som året før. Godsmengda, utanom dei spesielle malmtransportane, auka i 1970 med 3,5 prosent. Malmtransporten på Ofotbanen gjekk litt ned i 1970. Det går føre seg ei omfattande modernisering av drifta av jernbanen, særleg med sikte på tidhøvelege terminalanlegg for godstransport og snøggare og betre persontog. Produktiviteten ved Statsbanane, målt i bruttoprodukt pr. årsverk, auka med nesten 6 prosent i 1970.

Det innanlandske og internasjonale flyrutetettet blir stadig utbygd med nye frekvensar og samband. Tre kortbaneplassar er under bygging i Lofoten—Vesterålen. Det er sett i gang bygging av stamrute-flyplass på Evenes. I 1970 steig passasjertalet med 12—13 prosent både på dei innanlandske og dei internasjonale flyrutene.

Verksemda i dei ulike trafikkgreinene i Televerket har auka i 1970, bortsett frå telegramtrafikken som lenge har vore minkande. Ved utgangen av 1970 var det installert 1 145 000 telefonapparat ved telefonanlegga og tilknytingsnetta til Televerket, mot 1 091 000 året før. Dette var 5,0 prosent fleire apparat enn i 1969. Telefontettleiken er kommen opp i 29,4 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 84,4 prosent av apparata er knytte til automatiske telefonsentralar. Av den samla rikstelefontrafikken innanlands vart 49 prosent avvikla automatisk i 1970.

Postverket hadde i 1970 978 mill. sendingar. Dette var ein auke på 3,5 prosent frå 1969.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene i året 6,7 prosent høgare enn i tilsvarande periode

i fjor. Frå januar til august 1971 steig indeksen med 2,3 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene i året 5,5 prosent høgare enn i tilsvarande periode i fjor.

For utviklinga i dei private inntektene har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønnsstakarinntektene før skatt, rekna pr. årsverk i 1971, vil bli 11—12 prosent større enn i 1970. Den personlege, disponible realinntekta vil auka med rundt 6 prosent frå 1970 til 1971, så langt ei no kan dømme om det.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar vel 7 prosent større enn i tilsvarande periode i fjor. For heile 1971 reknar ein med ein auke på 6,5 prosent i høve til 1970.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital auka med om lag 14 prosent frå første halvår i fjor til første halvår i år. Bruttoinvesteringane i skip gjekk opp med 50 prosent, medan det for bruttoinvesteringar i fast realkapital utanom skip var ein volumauke på knapt 6 prosent frå første halvår 1970 til første halvår 1971.

Kredittpolitikken har i 1971 teke sikte på ein monaleg sterkare auke i utlåna frå innanlandske kredittinstitusjonar til næringslivet, kommunar og privatpersonar enn i 1970. Også kreditt-tilførsel frå utlandet var ein god del større enn i fjor. Gjennomføringa av politikken har i stor mon bygd på bruk av kredittlova.

Finanspolitikken har hittil i år ført til ei monaleg inndraging frå den private sektoren. Men dette er meir enn oppvege av Noregs Banks tilførsel ved valutakjøp.

Effektiviseringsarbeidet i staten held fram med prioritering av prosjekt som har verdi for heile forvaltninga eller større delar av den. Det er gjort vedtak om å skipe ein Statens driftssentral for administrativ databehandling.

Opplæringa av tenestemenn til effektiviseringsarbeid og til arbeid med databehandlingssystem er utbygd vidare.

Den kommunale aktiviteten er stor og kommunane er framleis under økonomisk press. Særleg blir det sett store krav til kommunar og fylkeskommunar om bygging av skolar, sjukehus, sosialbygg og utbygging av kloakkanlegg og vassforsyning. I 1972 vil det bli brukt 1 030 mill. kroner av provenyet av fellesskatten til skatteutjamning, mot om lag 870 mill. kroner i 1971.

Generalplanarbeidet er teke opp i kommunar som til saman har om lag 95 prosent av folketalet i landet. Ved utgangen av 1970 låg det føre utkast til 13 regionplanar

og 120 generalplanar. Hittil er 3 delgeneralplanar godkjende.

Arbeidet i landsdelskomiteane for Nord-Noreg og Agder og Rogaland går etter programmet. Nord-Noreg-komiteen reknar med å avslutte arbeidet sitt sommaren 1972.

Arbeidet med planlegging og sikring av område for friluftsliv og naturvern er ført vidare. Øvre Dividal i Troms, Rago i Nordland og Femundsmarka med tilgrensande landskapsvernområde i Sør-Trøndelag/Hedmark er freda som nasjonalparkar.

Kong Karls land på Svalbard er freda som naturreservat. Det er vedteke mellombels forskrifter om regulering av naturinngrep på Svalbard og Jan Mayen.

I mai 1971 vart ulven i heile riket og bjørnen i Oppland og Buskerud fylke freda mellombels for eitt år.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1970 tilsegn om lån og garantiar for i alt 426 mill. kroner mot 331 mill. kroner i 1969. Talet for første halvår 1971 var 252 mill. kroner.

Til flytting av bedrifter og til spesiell opplæring og oppstarting vart det i 1970 gjeve tilsegn om tilskott med ein samla sum på 11,4 mill. kroner mot 6,5 mill. kroner i 1969.

Ved dei utpeikte industrivekstanlegga er det teke i bruk utleigebygg på til saman om lag 25 000 m<sup>2</sup>. Dei bedriftene som har flytta inn, sysselset i alt 315 personar. Nye bygg på i alt ca. 19 000 m<sup>2</sup> er under oppføring.

På grunnlag av tilråding frå Virkemiddelutvalet og stortingsvedtak av 8. og 9. juni 1971 er det gjennomført nye og gjort endringar i tidlegare virkemiddel i distriktsutbygginga. Det er etablert ei ordning med tilskott til investeringar i bygg og maskinar som nytt distriktspolitisk virkemiddel. Vidare er dei eksisterande låne- og tilskottsordningane under Distriktsutbyggingsfondet utvida på visse punkt. Refusjonsordninga etter distriktsskatelova blir heilt avvikla ved innføringa av investeringstilskott. Investeringstilskottet skal ytast etter graderte satsar innanfor nærmare fastsette hovudområde. For 1971 er det løyvd 82,5 mill. kroner, medrekna løyvinga til refusjon av avgift. Vidare er det gjeve tilsegnfullmakt for 75 mill. kroner til dette formålet.

Lov om lokaliseringsrettlegg vart sett i verk 1. mai. Sekretariatet for Lokaliseringutvalet har komme i arbeid, og det er innført meldeplikt i Oslofjord-, Kristiansands-, Stavanger-, Bergens- og Trondheimsområdet, i alt i 27 kommunar.

Ein har fått ei prøveordning med regionalpolitisk transportstønad for visse varer frå ein del distrikt. Stønaden er geografisk differensiert med satsar frå 15 opp til 35 prosent av transportkostnadene.

Grunnpensjonen frå folketrygda vart frå 1.

januar auka frå 6 800 kroner til 7 200 kroner, og særtillegget vart med verknad frå same tid auka frå 510 til 900 kroner om året. Frå 1. mai er grunnpensjonen auka til 7 500 kroner og særtillegget til 1 050 kroner. Lova om førtidspensjon frå folketrygda vart sett i verk 1. januar 1971.

Ved endring av folketrygdlova frå 1. juli har det vorte utvida høve til å nytte trygdemidlar til bate for funksjonshemma.

Tillegget til bruttopensjonane etter lov om pensjonstrygd for sjømenn er med verknad frå 1. januar auka frå 8 til 15 prosent for pensjonistar under 70 år. For pensjonistar over 70 år er det gjeve føresegner om reduksjon og fastlåsing av samordningsfrådraget for grunnpensjonen frå folketrygda. Krigsfartstillegget er auka frå 100 til 200 prosent. Kravet til fartstid er redusert, slik at 18 månaders fartstid i tidsrommet 1. september 1939 — 31. desember 1945 vil gje rett til pensjon. Pensjonsavgiftene for sjømenn og reiarar er auka med 6 prosent.

I pensjonstrygda for fiskarar er det frå 1. januar gjort den endring at fiskarar og fangstmenn på fartøy over 100 bruttoregister tonn som vil bli registrerte i fiskarmanntalet, skal vere pliktig pensjonstrygda på heilårsbasis, slik som dei andre manntalsførte som ein reknar har fiske eller fangst til hovudyrke. Vidare skal talet på premieveker opptente i tidsrommet 1. januar 1958 — 31. desember 1970 aukast med inntil 50 prosent, og talet på premieveker som vart godskrivne da lova tok til å gjelde 1. januar 1958, skal aukast med 20 prosent.

I seks fylke er det skipa ei stilling som sosialkonsulent. Av skort på utdanna sosialarbeidarar er det førebels tilsett konsulentar i berre tre av stillingane.

Som eit ledd i arbeidet med å betre levekåra for dei norske sigøynarane er det skipa eit rådgevande og koordinerande Råd for sigøynarspørsmål, med representantar for styremaktene, sigøynarane og andre instansar med særleg innsikt i desse spørsmåla.

Etter endring av 16. juni i lov om sosial omsorg vil pensjonærene i aldersheimar frå 1. januar 1972 bli sikra eit kontantbeløp til eige bruk som svarar til 25 prosent av grunnpensjonen og kompensasjonstillegget og dessutan 10 prosent av tilleggspensjonen eller fullt særtillegg.

Ved utgangen av 1969 var det 8 884 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene, av dei var 5 069 under omsorg i fosterheimar eller institusjonar.

Den sosiale informasjonen er intensivert bl. a. i samband med oppsøkjande sosial omsorg.

Alkoholforbruket var i fjor 4,73 liter —



omrekna i rein alkohol og rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar som er 15 år og eldre — mot 4,49 liter i 1969. Talet på drukkenskapsmisferder var i fjor 36 624 mot 35 370 i 1969. I tida januar—april i år var talet 12 230 mot 10 544 i same tidsrom i fjor, det vil seie ein auke på 16 prosent.

Hausten 1970 fekk vi for første gong på over 40 år eit tilfelle av koppar i Noreg. Den sjuke var smitta i utlandet. Det har ikkje vore epidemiar av farlege smittsame sjukdommar siste året, og den allmenne helsetilstanden må seiest å vere tilfredsstillande.

Søkinga til ledige offentlege lækjarstillingar har halde seg på det same relativt gode nivået som i fjor, og rekrutteringa til offentlege lækjarstillingar har såleis etter kvart vorte lettare. Dei nye helsesenter-idéane blir møtte med stor interesse, og i fleire distrikt blir det planlagt prosjekt med sikte på ei betre integrering av den lokale helse- og sosialtenesta. Den relativt låge yrkesaktiviteten til sjukepleiarane har framleis ført til rekrutteringsproblem, særleg for visse sentrale institusjonar og for sjukeheimar. Eit utval er i arbeid for å komme fram til tiltak som både på kortare og lengre sikt kan føre til større tilgang og yrkesstabilitet for personellet på dette området.

Frivillig rekruttering til offentlege tannlækjarstillingar har vist ei viss betring i seinare tid, men i utkantstrøka, særleg i kystdistrikta nordpå, er det framleis mange distriktstannlækjarar som er tilsette ved sivil tenesteplikt med heimel i mellombels lov av 21. juni 1956, som er gjord gjeldande til 1. juli 1973.

Etter sjukehuslova av 19. juni 1969 skal fylkeskommunane arbeide ut planar som omfattar planlegging, bygging og drift av sjukehus, sjukestover, fødeheimar, sjukeheimar og sjukehotell, slik at behovet for undersøking, handsaming og opphald i slike institusjonar blir dekt for dei som bur i området. Planane skal godkjennast av Kongen, som etter lova også kan gjere endringar i planane. Ein har byrja arbeidet med å vurdere og ta standpunkt til planane frå fylkeskommunane. Til dei endelege planane ligg føre, har ein godkjent interimspanar, som etter oppmoding frå fylkeskommunane skal gjelde fram til 1. januar 1973.

Utbygginga av helsevernet for psykisk utviklingshemma og for epileptikarar og av det psykiske helsevernet har halde fram, dels med sikte på å utvide kapasiteten, dels for å gjø plass til undervisning, arbeidstrening og fysisk og sosial aktivitet. Spesielt har ein arbeidd med spørsmålet om å skaffe andre tilbod enn institusjonalisering.

Stortingsmelding om landsplan for utbyg-

ging av helsevernet for epileptikarar vart vedteken av Stortinget 27. mai. Stortinget vedtok same dagen eit framlegg frå Sosialdepartementet om vederlagsfri overføring av statens to åndsveikeheimar til dei respektive fylka.

Utbygginga av familievernkontor held fram. Det er godkjent 29 familievernkontor og 10 sekundærkontor for familierådgeving.

Ein har prøvd å styrkje det førebyggjande arbeidet og behandlingstilboda for ungdomsnarkomane, bl. a. ved å opprette Statens forvernssenter for unge stoffmisbrukarar i Oslo og ein mindre behandlingssesksjon ved den psykiatriske klinikken på Universitetet i Oslo. Den oppsøkjande verksemda er utvida til København.

Det blir arbeidd med ei rasjonalisering av apotekdrifta ved å forenkle og modernisere apotekanlegga og ved ei sentralisering av lækjemiddelproduksjonen.

Ved utgangen av 1970 var det i drift 803 daginstitusjonsavdelingar for barn i førskolealderen. Det er ein auke på 133 avdelingar frå året før.

Utbygginga av hjelpeordningane for heimane held fram. I 1970 reknar ein med at det vart utført i alt 4 900 årsverk. Det er ein auke på 580 årsverk frå 1969.

Under ordninga med statstilskott til landbruksvikarar er det ved halvårsskiftet registrert ca. 260 landbruksvikarar i til saman 241 kommunar. Det er ein auke på 142 vikarstillingar sidan i fjor.

Med verknad frå 1. juli er det sett i verk ei ordning med tilskott til jordbruksferie.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjett i 1971 er om lag 6,5 milliardar kroner eller 6,4 prosent av samla tilgang av varer og tenester til råvælde.

I kyrkja er det no 1 050 prestestillingar forutan feltprestane. Det er framleis skort på søkjarar til ymse stillingar.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1971—72 er om lag 770 000.

Lov om grunnskolen frå 19. juni 1969 tok til å gjelde 1. juli. Skoleadministrasjonen i fylka vart skipa frå 1. januar.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 645 000. Om lag 420 kommunar har innført 9-årig skole i 1971—72.

I spesialskolane var det i skoleåret 1971—72 3 170 elevar ved 60 statlege og 11 kommunale skolar. I tillegg er det i gang klassar for øvneveike, hørselsvekka og barn med dårleg syn i 14 kommunar med i alt 160 elevar. 1 spesialskole er i skoleåret 1970—71 lagd ned. Det er oppretta 1 kommunal spesialskole og klassar for spesialundervisning i 2 kommunar frå inneverande skoleår. I alle spesialskoleslag er det i gang undervisning på ungdomssteget. I 1971 er det i gang byggjearbeid ved 7 skolar.

3 av prosjekta skal etter planen vere ferdige i år.

I realskolen er det om lag 18 000 elevar.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år ikring 15 600 eller 26 prosent av årskullet. I skoleåret 1971—72 vil det vere om lag 54 000 elevar i gymnas og økonomisk gymnas. Frå i haust har det komme i gang undervisning etter opplegg for reformgymnas på fire nye stader. Det samla talet for denne skoletypen er da komme opp i 12. Forsøka med 2-årige kombinerte grunnkurs held fram. I 1971—72 er forsøka utvida til å omfatte 2-årige grunnkurs kombinerte med landbruksfag. På fire stader blir det undervist etter denne kombinasjonen. Det nye Bjørkelangen skolesenter kom i gang i haust. Her er det samla under same tak 2 gymnas-klassar, 5 yrkesskoleklassar og 2 klassar med 2-årig kombinert grunnkurs.

Elevtalet i dei 80 folkehøgskolane er om lag 7 200. Om lag halvparten av elevane tek del i vidaregåande kurs. Forsøka med folkehøgskoleprega internatkurs for 16-åringar held fram.

I lærarskolane er det no omlag 6 600 elevar. I tillegg kjem 1 500 elevar i faglærarskolane. I skoleåret 1970—71 vart det uteksaminert om lag 2 200 nye lærarar og om lag 750 nye faglærarar. 800 lærarar har teke vidareutdanning.

Reising av nye undervisningsbygg for folkeskolen, spesialskolane og dei vidaregåande skolane held fram. Om lag 650 000 m<sup>2</sup> skolebygg er no i arbeid.

Utbygginga av yrkesskolane for handverk og industri og for handel og kontorarbeid held fram med skiping av vidaregåande liner i begge skoleslag. Elevtalet i yrkesskolane for handverk og industri er auka til 21 100 heilårselevar. I yrkesskolane for handel og kontorarbeid er elevtalet no om lag 9 800. Elevtalet i dei tekniske skolane steig med 366 til 6 914. For yrkesskolane for handverk og industri er det frå 1. august sett i verk mellombels reglement, som i stor utstrekning er samordna med dei reglane som gjeld for yrkesskole og gymnas. For fagskolane i husstell er det fastsett nytt reglement og nye fagplanar. I Porsgrunn er det i haust sett i gang ein ny teknisk skole i leigde lokale. Bygging av ny skole er i gang. I samarbeid med Rogaland distriktshøgskole er det ved dei tekniske skolane i Stavanger frå i haust sett i gang ei 2-årig undervisning i oljeteknologi.

Ved endringar i reglementet for dei tekniske skolane er mellom anna kravet om praksis for studentar med examen artium falle bort. Delksammarar frå 9-årig skole kjem no i staden for opptaksprøver ved opptak til 3-årig tek-

nisk skole. Samordning mellom maritim utdanning og utdanning for yrke i land er godt i gang. Frå januar i år er det i gang ingeniøruddanning i 18 månader for søkjarar med utdanning som maskinsjef. Utdanninga av kokkar til handelsflåten og til restaurant- og hotellyrket er samordna. Norsk journalist-skole er frå i haust gjort 2-årig.

Arbeidet med vaksenopplæring i skoleverket går vidare, og tiltak er i gang i alle delar av landet. Studiearbeidet i opplysningsorganisasjonane viser framleis auke, og det er gjeve auka tilskott til studieinstruktørane. Det er lagt vekt på å stø oppføringstiltak som gjeld grupper av funksjonshemma.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring som lekk i arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikken. Siste skoleåret vart det under Kyrkje- og undervisningsdepartementet skipa til om lag 660 kurs med ikring 8 200 deltakarar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar er i haust om lag 34 000. Talet på norske studentar i utlandet er no ikring 3 500.

Planleggingsarbeidet for dei nye universiteta i Trondheim og Tromsø held fram under leiding av interimsstyra. Arbeidet er i gang på det første bygget i Tromsø, som skal gje provisoriske lokale for medisinarundervisninga. I Trondheim blir det òg gjennomført ein plan om å auke undervisningskapasiteten i fleire universitetsfag, i provisoriske lokale.

Det er i haust i gang undervisning ved 6 distriktshøgskolar med i alt om lag 1 200 studentar. Dei første 180 kandidatane tok eksamen i vår.

Pr. 31. august hadde 1 181 152 løyst radio-lisens og 872 499 fjernsynslisens.

Det første regionteateret, Hålogaland Teater, er skipa i Nord-Noreg med sete i Tromsø.

Det er i år teke i bruk 18 nye samfunnshus, 10 idrettshallar, 29 symjeanlegg og ei rad utandørs idrettsanlegg av ymse slag, som har fått stønad av tippemidlar. Idrettsarbeidet fekk i alt 4,2 mill. kroner meir i tippemidlar i år enn i fjor.

Refusjonsordninga for studiegebyr for norske studentar i Storbritannia (herunder Nord-Irland), medisinarstudentar i Dublin, Eire, og norske studentar i USA og Canada er betra.

For søkjarar med forsytingsskyldnad er behovsprøva i relasjon til forsyntaren sin økonomi oppheva ved lån i Statens lånekasse for utdanning.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Herre Konge, Deres Kongelige Høyhet!

Det 116. ordentlige Storting som Deres Majestet i dag har åpnet, er det tredje i denne valgperiode.

Trontalen omhandler mange og viktige saker som dette Storting vil få til behandling. I tillegg hertil kommer — foruten de hvilende grunnlovsforslag — 60 saker fra forrige Storting.

Forholdene ute i verden er fortsatt preget av uro, usikkerhet og hurtige omskiftninger. De vil legge sterkt beslag på Stortingets oppmerksomhet. Arbeidet for å sikre fred og frihet og for å styrke De forente nasjoner som en verdensomfattende fredsskapende organisasjon vil kreve også Stortingets stadige medvirkning og interesse.

Et av de store uløste problemer i verden i dag er også beskyttelse av miljø og natur. Vårt land må så langt dets innflytelse og evner rekke, yte sitt bidrag til konstruktivt arbeid for tiltak mot forurensning.

En sak merker seg ut som særlig viktig for vårt land. Det er Norges forhold til De europeiske økonomiske fellesskap. Den endelige avgjørelse som Stortinget skal ta, vil kreve omhyggelige vurderinger og avveininger. Representantenes mål er å komme frem til den avgjørelse som vil tjene vårt folk og land best.

De fleste saker som trontalen omhandler, vedrører forhold i vårt eget land. Det er disse innenrikspolitiske saker som vil legge størst beslag på Stortingets tid, og løsningen av dem vil få betydning for hele vårt samfunnsliv.

Stortingets gjerning er ansvarsfull og for å nå frem til den beste løsning av alle disse oppgaver vil det stilles store krav til representantenes vilje og evne til samarbeid.

Deres Majestet uttalte det håp at Stortingets gjerning måtte bli til gagn for fedrelandet, og i tillit til at hver enkelt representant yter sitt beste i det arbeid som Stortinget nå går til, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.

Møte tirsdag den 5. oktober kl. 10.

President: Ingvaldsen.

Dagsorden (nr. 1):

1. Finansministerens redegjørelse for statsbudsjettet.
2. Referat.

*Minnetale over tidligere stortingsrepresentanter, redaktør Finn Moe og sorenskriver Arthur Sundt og tidligere stortingsrepresentant og landbruksminister Bjarne Lyngstad.*

**Presidenten:** Ærede medrepresentanter!

Tidligere stortingsrepresentant, redaktør Finn Moe døde den 6. august, 68 år gammel. Han var født i Bergen.

Finn Moe fikk hele sin skoleutdannelse i Frankrike hvor han tok embetseksamen i filosofi ved Sorbonne-universitetet. I studietiden ble Finn Moe levende engasjert i internasjonal politikk og var «Arbeiderbladet»s korrespondent i Paris og Berlin i flere år og avissens utenriksmedarbeider. I 1929 ble han tildelt Monrads gullmedalje for en filosofisk avhandling.

Under krigen var Finn Moe sjef for den norske kringkastingstjeneste i USA og preskonsulent ved Utenriksdepartementet i London. Under og etter krigen deltok han i planleggingen og oppbyggingen av De forente nasjoner og ble i 1946 minister og Norges faste delegerte ved FN og var i 1948–1949 Norges ambassadør ved FN.

I 1949 ble Finn Moe utenriksredaktør i «Arbeiderbladet».

Finn Moe var vararepresentant til Stortinget for Oslo i 1945/46 — 1949, valgt av Det Norske Arbeiderparti. Han ble i 1950 fast representant til Stortinget. Finn Moe var medlem av utenriks- og konstitusjonskomiteen fra 1950 til 1969, fra 1950 til 1965 formann og fra 1965 til 1969 nestformann i komiteen.

Finn Moe deltok i de fleste av FN's generalforsamlinger og var sterkt engasjert i Europarådet og Nordisk Råd og var en av initiativtakerne til NATO's parlamentarikerkonferanse. Finn Moe har også deltatt i og vært formann i en rekke internasjonale og parlamentariske utvalg.

Finn Moe ytet en usedvanlig innsats både i internasjonalt arbeid og i Stortinget hvor han var høyt respektert av alle kolleger.

Tidligere stortingsrepresentant, sorenskriver Arthur Sundt døde den 19. august, 72 år gammel.

Sundt var født i Bergen og åpnet egen sakførerforretning i samme by i 1925. I meget ung alder kom han aktivt med i Venstres ar-